

Vest politidistrikt

Bergen

Innspel frå Bremanger kommune til Arbeidsgruppe geografiske driftsenheter i Vest politidistrikt.

Vi viser til mandatdokumentet til ovannemnde arbeidsgruppe.

I Bremanger kommune er vi spesielt opptekne av eit av kvalitetskrava som skal ivaretakast av tenestestadane og som kan verte svært krevjande å oppfylle:

- «Tjenestestedene lokaliseres slik at minst 90 % av innbyggerne i politidistriktet har maksimalt 45 minutters kjøretid til nærmeste tjenestested».

Dersom Bremanger Lensmannskontor i Svelgen vert lagt ned vil alle innbyggjarane i Bremanger kommune, 3860 personar, få meir enn 45 minutt kjøretid til nærmeste tenestestad, som då vert Florø. Allereie i dag har innbyggjarane på øyane i ytre del av kommunen, ca. 1 500 personar, mellom 40 og 60 minutt kjøretid til Svelgen, og nærmare 2 timer til Florø.

Likeeins er det under pkt. 3., Målsetting, lista opp 6 effektmål.

Det som er særleg viktig for oss er:

1. «Et mer tilgjengelig og tilstedeværende politi med god lokal forankring og samhandling».
3. «Et politi med meir målrettet innsats på forebygging, etterforskning og beredskap».

«Geografiske driftsenheter i Vest politidistrikt skal ha en struktur, funksjoner og bemanning som bedrer og sikrer nødvendig *beredskap*.....».

Nærleik til politi/lensmenn, og at dei kan vere tilstades i lokalsamfunnet og delta i lokale aktivitetar som idrett og andre kulturtildel, er noko av dei beste førebyggjande tiltaka. Ein skal ikkje undervurdere kor viktig det er at lokalbefolkninga, og spesielt barn og unge, kjenner sin lokale politimann. Dette vil vi miste dersom lensmannskontoret forsvinn.

Bremanger er geografisk ein stor og fragmentert kommune med lange interne avstandar. Dessutan er vi skilt frå omverda av Nordfjorden i nord, der vi er avhengige av ferjer, og av fjell i sør som skal kryssast på ein smal og rasutsett veg med lang tunnel. Innad i kommunen er det mange rasutsette strekningar og mange tunnelar, inkludert fylket sin einaste undersjøiske tunnel. Med tunnelbrannen i 2015 friskt i minnet og dei mange steinspranga som har forårsaka uhell og nestenulukker, er vi uroa over beredskapen når slike og andre uønska hendingar skjer.

Så lenge vi er avhengige av eit politi som ikkje permanent er tilstades i kommunen, må vi stole på at andre naudetatar som brannvern og helsepersonell kan gjere politiet sitt arbeid. Dette vil ikkje vere haldbart og vil vere risikofylt og føre til unødvendig belastning for personell som ikkje er trena til det, særskilt i møte med kriminelle i kombinasjon med rus og psykiatri.

Det er derfor svært viktig for Bremanger kommune å behalde lensmannskontoret.

Med helsing

Audun Åge Røys (sign)

Ordførar